

**Saksbehandlar:** Roar Bævre**Kommunedirektør/rådmann:** Bjørn Tollefsen

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/21	Forvaltningsutvalet	22.04.2021
015/21	Kommunestyre	04.05.2021

Detaljregulering for Fv. 548 Skånevik - Flesjo 2. gongs handsaming**TILRÅDING FRÅ kommunedirektøren:**

Med heimel i Plan- og bygningslova § 12-12 vert framlegg til detaljregulering for Fv 548 Skånevik - Flesjo, planid 201604, godkjend slik det ligg føre.

Dei tre plankarta er dagsett 28.02.2020 og føresegnene er dagsett 29.03.2021.

Forvaltningsutvalet 22.04.2021:**Behandling:****KF- 011/21 Vedtak:**

Tilråding frå Forvaltningsutvalet til Kommunestyret: samrøystes

Med heimel i Plan- og bygningslova § 12-12 vert framlegg til detaljregulering for Fv 548 Skånevik - Flesjo, planid 201604, godkjend slik det ligg føre.

Dei tre plankarta er dagsett 28.02.2020 og føresegnene er dagsett 29.03.2021.

Kommunestyre 04.05.2021:**Behandling:****K- 015/21 Vedtak:**

Samrøystes

Med heimel i Plan- og bygningslova § 12-12 vert framlegg til detaljregulering for Fv 548 Skånevik - Flesjo, planid 201604, godkjend slik det ligg føre.

Dei tre plankarta er dagsett 28.02.2020 og føresegnene er dagsett 29.03.2021.

SAKSUTGREIING:

Innleiing (bakgrunn for saka)

2. gongs handsaming av detaljregulering for Fv 548 Skånøvik - Flesjø, planid 201604. Planen blei 1. gongs handsama i komité forvalting i sak 053/19 den 06.06.2019. og blei lagt ut til offentleg høyring 04.07.2019 med merknadsfrist 03.10.2019, Det har kome inn 14 merknader der 5 var frå offentlege instansar og private organisasjonar, 9 kom frå privatpersonar, lag og foreiningar.

Merknadshandsaming utført av forslagsstillar og konsulent (Frå side 94 i vedlagt revidert planomtale):

1. Merknadar offentleg ettersyn, innkomne merknader

Nr	Offentlege instansar – statleg/kommunal	Dato
1	Mattilsynet	11.07.2019
2	NVE	17.09.2019
3	Hordaland Fylkeskommune	26.09.2019
4	Haugaland interkommunale miljøverk, HIM	30.09.2019
5	Fylkesmannen i Vestland	01.10.2019

Nr	Grunneigarar, lag og organisasjonar	Dato
6	Bodil og Normann Martinussen 131/168	18.08.2019 / 28.09.2019
7	Kristoffer Vannes 131/34, 116,140	25.09.2019
8	Bernhard og Hedvig Vannes 131/112	25.09.2019
9	Eldbjørg Ødegård 125/1	27.09.2019
10	Bjørn Ole Tveitnes 129/7	01.10.2019
11	Solveig Elin og Anne Marie Bokn 131/110,124	02.10.2019
12	Linn Stengele Jespersen 131/29	02.10.2019
13	Jorunn og Kåre Steinsnes 131/60	02.10.2019
14	Fikse Næringsforening	04.10.2019

Merknadar frå offentlege instansar

Nr. 1 Mattilsynet

Brev 11.07.2019

Mattilsynet minner om at det vert teke omsyn ved eventuell flytting av jordmassar slik at ein ikkje spreier smitte som kan gje planteskade. Det er ikkje registrert vassforsyningskjelder langs vegstrekninga, ber om at det vert teke omsyn til om det skulle vere kjelder som ikkje er registrert.

Vestland fylkeskommune / Multiconsult sin kommentar:

Flytting av jordmassar vert ivareteke med omsyn til plantesmitte, jf. Føresegner § 2.1.4 og 3.2.5. Det vert også vist til mål i Ytre miljøplan når det gjeld flytting og bruk av jordmassar. Vasskjelder / private brønnar skal dokumenterast før igangsetting og dei skal ikkje råkast i anleggsfase, jf. føresegn § 6,1 d

Nr. 2 Norges Vassdrags og Energidirektorat NVE

Brev 17.09.2019

Heilt i sørvest kjem vegen inn i område som NGU sitt lausmassekart er synt som «Tynn hav- / strandavsetning» Vegen ligg her ikkje så langt frå strandsona. I planskilddinga er nemnd kva lausmassar som er i området, men fare for områdeskred av kvikkleire er ikkje vurdert i ROS analysen. I område med marine avsetningar kan ein ikkje utelukke førekomstar av kvikkleire, før planen vert slutthandsama meiner NVE at det må innarbeidast vurdering av om området er utsett for områdeskred av kvikkleire. NVE meiner det må nyttast fagkunnige til denne vurderinga. NVE er elles nøgde med faresonekartlegging av skredfare i bratt terreng. (TEK 10 og Svv sine akseptkriteriar for skred). Konklusjonen er at det er naudsynt å gjennomføre tiltak for at vegen skal oppnå tilstrekkeleg tryggleik. Skredrapporten er ikkje eintydig på kva desse sikringstiltaka skal etablerast. Det bør sjåast til at sikringstiltaka vert lokalisert slik at de kan innarbeide dei i planen.

Vestland fylkeskommune / Multiconsult sin kommentar:

Det er utført innleiande geotekniske grunnundersøkingar haust/vinter 2019/2020. Dette er gjort for grovt å kartlegge grunntilhøva i området mellom Prestevågen og Vedladalen med tanke på sprøbruddsmateriale eller kvikkleire. Omtale av denne undersøkinga er innarbeida i planskilddinga kapittel 5.15 og i ROS-analyse.

Nr. 3 Hordaland Fylkeskommune

Brev 26.09.2019

Fylkeskommunen seier seg nøgd med at forslagsstillar har teke omsyn til kulturminna i planarbeidet. Fylkeskommunen er nøgd med at både plankart og tilhøyrande føresegnar sikrar dei automatisk freda kulturminna tilstrekkeleg vern i den framlagde reguleringsplanen. Utover at ein ved opparbeiding av vegareala søkjer å bevare mest mogeleg kringliggjande kulturlandskapstrekk som steinmurar, bekkemurar og ruinar. Fylkeskommunen har ingen avgjerande merknader i saka.

Vestland fylkeskommune / Multiconsult sin kommentar:

Det vil ved opparbeiding av vegareala bli bevart mest mogeleg kringliggjande kulturlandskapstrekk som steinmurar, bekkemurar og ruinar. Jf. føresegnar

Nr. 4 Haugaland Interkommunale Miljøverk HIM

Brev 30.09.2019

HIM forutsetter at forhold i lokal renovasjonsnorm for HIM – kommunane vert lagt til grunn for det vidare planarbeidet. Planen si omtale av avfallshandtering i planområdet er tilfredsstillande. HIM understrekar at abonnentane må ha mogelegheiter for oppstillingsplass i 5- metersone langs køyrerutene til HIM. Viss ikkje blir det vanskeleg for HIM å levere eit godt nok tenestetilbod. Him opplev i aukande grad at nedgravde løysningar eller avsug vert planlagt. Det er ønske om at det skal leggjast til rette for eit renovasjonspunkt i krysset til Ytranesvegen.

Vestland fylkeskommune / Multiconsult sin kommentar:

Det er i revidert planforslag avsett areal til renovasjonsanlegg (BKE) ved krysset mot Ytranesvegen.

Nr. 5 Fylkesmannen i Vestland

Brev med motsegn 01.10.2019

Støy: Det må takast inn ei føresegn om rekkefølgje som seier at dei støyreducerande tiltaka omtalt i reguleringsføresegn 2.1.8 må gjennomførast før anlegget vert teke i bruk, føresegn 6.2.

ROS: Fylkesmannen saknar tilvising til Statens vegvesen sine eigne retningslinjer for risikoakseptkriterier for skred på veg, og ei vurdering basert på denne.

Naturmangfald: Den planlagde vegen vil gjere inngrep i naturtypelokalitet av nasjonal verdi med eit stort tal trua artar, deriblant irsk hinkelav som er svært sjeldan og kritisk trua. Lokaliteten har vore kjent som hotspot -lokalitet for sjeldne lav-artar i lang tid, og såleis er potensiale for funn av

nye førekomstar stort.

Fylkesmannen registrerer at ein legg opp til synfaring med kartlegging før anleggstart slik at ein kan ta omsyn ved gjennomføring, men kan ikkje sjå at det er teke særleg omsyn til desse naturkvalitetane i planprosessen.

Planen tek ikkje nok omsyn til nasjonal viktig naturmangfald.

Vestland fylkeskommune / Multiconsult sin kommentar:

Støy: Rekkefølgekrav støytiltak er innarbeidd i føresegner

Vurdering i ROS-analysen for reguleringsplanen er utført med bakgrunn i tryggleiksklassar i samsvar med TEK 17. I føresegnene 6.2 a er det stilt krav om gjennomføring av tiltak i samsvar med Statens vegvesen sine akseptkriterier for nytt veganlegg. Vurdering etter Statens vegvesen sine eigne retningslinjer for risikoakseptkriterier for skred på veg er lagt ved som vedlegg (616929-01-RIGberg-RAP-001).

Naturmangfald:

For å svare ut motsegna er det gjort ei detaljert vurdering av kva naturverdiar som vert råka av planforslaget. Dei naturverdiane ein etter denne vurderinga veit kanskje/ikkje vert råka søker ein å bevare. Det er innarbeida førsegnområde #2 og omsynssone bevaring naturmiljø (H560) i plankartet med tilhøyrande føresegner. Dette gjer ein for å sikre naturverdiane i størst mogeleg grad i planforslaget. Det vert elles vist til ROS-analyse, vurdering av naturmangfald (616929-RIM-NOT-001) og planskildringa (kap. 5.9, 6.7, 6.8, 7.8 og 7.9).

Merknadar frå naboar og andre interessentar

Nr. 6 Bodil og Normann Martinussen 131/168

E-post 18.08.2019

Eigedomen vert ifølgje planen redusert til det halve og den delen som vert igjen blir vesentleg redusert i kvalitet og verdi. Vegen opp frå Vedladalen svingar opp på tunet der dei i dag har oppstillingsplass for bilar. I telefonsamtale vart det opplyst at det vart god plass til å bygge garasje / uthus. Dei kan ikkje sjå ut frå planen kvar denne plassen er og slår fast at berre plen i frontfasaden av huset vert ståande att.

Dersom løa skal fjernast krev dei at det vert sett opp eit tilsvarande bygg, verkstad, garasje, lagerrom og det må vere på plass før løa vert fjerna. Vidare krev dei at det må verte etablert oppstillingsplass for fleire bilar utan at desse kjem inn på bustadhuset.

Vonar at ein kan sjå på planen på nytt og trekke vegen over mot andre sida til bruk 79, då kan ein gå klar løa, men ta haugen bakom.

E-post 28.09.2019

Dei meiner framleis at vegen ved løa kan gå i same trasè som noverande veg. Og at vegen opp Vedladalen kan gå opp inntil løa og vidare gjennom haugen bak til den svinga inn på hovudvegen, altså Vedladalsvegen vil gå mellom løa og hovudvegen. På andre sida av noverande veg, der dei eig, kan vegutvidinga gå fritt med nye tilkomstvegar opp frå og til husa utanfor. Dei opplyser om at avstand frå sørre hjørne på løa til senter veg er ca. 10 m og vegbreidde der er over 5 meter med gode grøfter på kvar side. Håpar at ein vil sjå på dette på nytt, og at ein saman kan finne ei god løysing.

Vestland fylkeskommune / Multiconsult sin kommentar:

Det vart gjort vurderingar i tidleg planfase om ein kunne unngå riving av løe, men for å opprette gang- og sykkelveg på sjøside krev det ytterlegare areal på den sida. Løa er ikkje til bruk for dyr og høyrer til eigedom som blir brukt til fritidsføremål.

Det vert ikkje sett opp eit tilsvarande bygg men det vert utbetalt erstatning for den løa som vert rive og vi ser at det framleis er areal til oppføring av eit nytt mindre bygg på eigedomen samt parkering to biler. (Det kan etablerast parkeringsplass på avsett SVG 1,2)

Behovet for ein riggplass i anleggsfasen er svært stor, området ved løe er svært godt eigna for det.

Å flytte veglinja mot sør er krevjande for då å råke fleire eigedomar på motsett side, det blir vanskeleg å etablere avkøyrslar til desse eigedomane når ein ikkje kan bruke eksisterande fv. 548. Det er krav i handbøker om kurvatur som vi ikkje klarer å imøtekomme om veg blir flytta og løe blir ståande.

Eigedom 131/168 får etablert ny felles avkøyrslar med andre eigedomar, den får god sikt og vert vesentleg betre enn dagens avkøyring.

Nr. 7 Kristoffer Vannes 131/34, 116, 140

Brev 25.09.2019

1. Viser til utsendt plan der går fram at veg fram til eigedomen 131/112 er planlagt over eigedomen 131/140, noko som inneber at mogelegheita for realisering av denne til byggeformål utgår. Dei er innstilt på å støtte framlegget men vil gi uttrykk for at vegen fram til 131/112 blir lagt så langt inntil planlagt gang- sykkelveg som mogeleg i heile si lengde.
2. Dei legg til grunn at erverv av grunn blir økonomisk kompensert med omsyn til tomte sine formål.
3. Veg blir bygd kostnadsfritt og at utbyggar gjennomfører grensejustering / oppmåling vederlagsfritt (samanslåing av 131/116 og 131/140) før fylkesveg blir bygga.

Vestland fylkeskommune / Multiconsult sin kommentar:

1. Eigar av eigedom 131/140 hadde sjølv ynskje om at veg skulle gå over sin eigedom til 131/112. Den vart flytta hit i planen etter synfaring våren 2019. Eigar av 131/140 kunne valt første løysing med veg og framleis hatt sin eigedom 131/140 ope for realisering av byggeformål. Det vert ikkje gjort noko endring med tilkomstvegen si plassering i planen fordi den bør ha ein avstand frå gang og sykkelvegen sin fyllingsfot. Noko justering av vegen kan gjerast i anleggsfase.
2. og 3. Dette blir vurdert i grunnvervet.

Brev 25.09.2019

1. Dersom parkeringsplass på sørsida av galleriet og avkøyrslar til naboeigedomen 131/110 skal realiserast på han sin grunn, i samsvar med motatt varsel, ber han om at det blir tatt inn og vurdert mogelegheit for avkøyrslar til eigedom 131/34
2. Dersom denne avkøyrslar utgår ønsker han at planlagt parkeringsplass for eigedomen hans og galleriet blir vurdert flytta til nordsida av galleriet.
 - Han legg til grunn at ei etablering av parkeringsplass ikkje medfører begrensingar med tanke på eventuell utviding av bustad på 131/34.
3. Bakgrunn for flytting er å skaffe en heilskap i samband med dagens nedkomst samt redusert gangavstand for begge partar.
4. Legg til grunn at avståing blir økonomisk kompensert.

Vestland fylkeskommune / Multiconsult sin kommentar:

1. Avkøyrslar og tilkomstveg til eigedom 131/110 blir fjerna frå plan etter ynskje frå eigarar av 131/110 dermed utgår parkeringsplass her, den blir òg fjerna grunna dårleg sikt i avkøyringa.
2. Parkering blir flytta nord for galleriet etter ynskje frå eigar av 131/34 og gallerieigar 131/29
3. Punkt såleis innfridd
4. Dette blir vurdert i grunnvervet.

Nr. 8 Bernhard og Hedvig Vannes 131/112

Brev 25.09.19

1. Viser til plan der det går fram at garasje blir tatt bort.
2. Dei legg til grunn at erverv av grunn blir økonomisk kompensert og at garasje med

opparbeidd vegareal samt parkeringsplass blir taksert under eitt.

3. Under føresetnad av at eigar av eigedom 131/140 avstår grunn er dei positive til ny framføringsveg til eigedom 131/112. Veg med tilhøyrande parkeringsareal på 131/112 må etablerast kostnadsfritt.

4. Ber om at veg fram til eigedom vert lagt så nær byggesone for utbyggingsområde som mogeleg.

Vestland fylkeskommune / Multiconsult sin kommentar:

1, 2, 3 Dette blir vurdert i grunnervet

4. Det vert ikkje gjort noko endring med tilkomstvegen si plassering i planen fordi den bør ein avstand frå gang og sykkelvegen sin fyllingsfot. Noko justering av vegen kan gjerast i anleggsfasen.

Nr. 9 Eldbjørg Ødegård 125/1

Epost 27.09.2010

Ho gjer tiltakshavar merksam på ein brønn på 125/ 1 og håpar brønnen ikkje vert fylt over eller øydelagt når vegprosjektet kjem i gong.

Elles nemner ho at det har vore mogeleg å kunne gå ovanfor vegen 3-4 plassar før i tida. Noko av desse stiane oppover er delvis øydelagt og delvis overgrodd. Håpar det vert gjort litt tilgjengeleg oppover også når dette prosjektet er under arbeid.

Vestland fylkeskommune / Multiconsult sin kommentar:

Vasskjelder / private brønner skal dokumenterast før igangsetting anlegg og dei skal ikkje råkast i byggeperioden, jf. føresegn § 6,1 d

Det kan bli vanskeleg å reetablere overgrodde stiar i nye høge murar og skjæringar når vegen skal oppgraderast. Det må tilvisast og vurderast i anleggsfase kvar ein eventuell sti skal kunne etablerast.

Nr. 10 Bjørn Ole Tveitnes 129/7

Brev 01.10.2019

Han er skuffa over at hans eigedom 129/7 vil bli sanert. (hytte, anneks, leikehytte og vedbod). Ber om at kommunen tar med merknader vidare og garanterer for at verdiane hans vert tatt omsyn til med løysingar som vert opplevd rettferdig. Han har følgende innspel:

4 Den nye vegtraseen gjennom eigedom 129/7 må trekkast så langt som mogeleg mot fjellet (sør-vest)

5. Dersom pkt. 4 er mogeleg kan det utgreiast ny plassering for erstatningshytte m/ uthus på nedsida av den nye vegen. Det må då evt. leggst til rette for god skjerming og tilrettelagt hensiktsmessig hage/tomt.

6. Dersom pkt. 4 og 5 ikkje er gjennomførbare ønsker han at Etne kommune er behjelpelig med å skaffe tilsvarande eigedom/hytte.

7. Dersom pkt. 4, 5 og 6 ikkje er gjennomførbare, må eigedomane 129/7 og 129/20 (nausttomt) handterast som éin eigedom.

Vestland fylkeskommune / Multiconsult sin kommentar:

Det er svært vanskeleg å gjennomføre utbetring av vegen i området utan å sanere eigedom 129/7. Eigedom ligg på toppen av ei skjering i ein svært utfordrande og farleg sving. Vegen ved eigedom treng betre og tryggare horisontalkurvatur.

4 Krav til vertikalkurvatur er sett i handbøker så ser ikkje at det er mogeleg å trekke veg lenger mot (sør-vest) for å få betre plass til ny hytte i gamal trasé. Dette vil føre til utfordringar på vidare kurvatur / trasé både mot Skånevik og Tungesvik.

5 Må vurderast i grunnervet. Vestland fylkeskommune vil erverve eigedom 129/7 og grunneigar vil få økonomisk kompensasjon for det. Vi har ingen merknad til at det er ynskje om ei erstatningstomt i området men i utgangspunktet legg ikkje Vestland fylkeskommune til rette for det.

6 Det vert vist til Etne kommune som må svare ut dette.

7 Det er berre eigedom 129/7 som er til hinder for veganlegget og det vert ikkje teke stilling til nausteigedom 129/20.

Nr. 11 Solveig Elin Bokn og Anne Marie Bokn Haaland 131/110 ,124

Brev 02.10.2019

Dei ynskjer å behalde avkøyrsla slik den er i dag, eventuelt flytte den mot sentrum.

Dei vil ikkje at Skånevik skal øydelegge inntrykket og identiteten sin av unødvendige mange høge murar, skråningar og grøfter.

Dei legg til grunn at alle inngrep blir dimensjonert for å tåle overvatn.

Vestland fylkeskommune / Multiconsult sin kommentar:

Planforslag er endra, ny tilkomstveg er teke ut av planen og grunneigar får behalde eksisterande avkøyrslar. Eksisterande avkøyring er ved ny gang- og sykkelveg og må justerast og kan bli noko bratt. Dette er grunneigar opplyst om og må ta dette til etterretning og ikkje klage på det etter den er oppjustert.

Skjeringar og grøfter vert utført mest mogeleg skånande for omgjevnader og murar utførast i naturstein, men anlegget må utførast etter kva som er naudsynt i høve handbokskrav og handtering overvatn, terrengtilpassing, HMS, og tryggleik. Skråningar vert jordslått, dekt til og tilbakeført som «opphaveleg» terreng om det er mogleg. jf. Ytre Miljøplan, Landskapsbilete

Nr. 12 Linn Stengele Jespersen 131/20 (Galleri Jespersen)

Brev 02.10.2019

Meiner 30 km/t fartsgrense er svært låg, noko som vil hindre trafikkflyten særleg etter ferjeanløp. 40 km/t vil vere meir formålstenleg.

Dersom parkeringsplass på sørsida av galleriet og avkøyrslar til eigedom til Bokn 131/10 ikkje vert realisert, ønskjer ho at parkeringsplass vert vurdert flytta på nordsida av galleriet.

Vestland fylkeskommune / Multiconsult sin kommentar:

Fartsgrense er ikkje juridisk bindande i reguleringsplan. Fartsgrense 30 km/t er sett for å vere dimensjonerande for veglinja i planen. Grundige vurderingar er gjort for å sette 30 km/t her, både grunna trafikktryggleik og at Vestland fylkeskommune ynskjer lågast mogleg fart i Skånevik sentrum. I dette området er standard for miljøgate lagt til grunn der fartsreduserande tiltak og omsyn til mjuke trafikantar er hovudmål.

Flytting av parkeringsplass er innfridd.

Nr. 13 Kåre og Jorunn Steinsnes 131/ 60

Epost 02.10.2019

Minne om at avstanden frå nordvestleg hjørne av huset til veg med fortau ikkje skal bli mindre enn 8 meter.

Opplyser om at fundament under huset er betongsøyler avsett i steinmasse i svært bratt terreng. Risiko for ras eller forskyving i steinmasse kan gi store skader på huset med vegarbeid så nær huset. Det må anleggast støttemur mot veg samt ny avsettingsmasse for å sikre noverande steinmassefundament for huset. Krev at det må bli ei form for støyskjerming mot veg.

Vestland fylkeskommune / Multiconsult sin kommentar:

Avstand einestad til veg med fortau er ca. 10 meter.

Det vil til ei kvar tid sikrast at det ikkje vert skade på nærliggande bygningar i anleggsfasen.

Sprenging skal ikkje gje skade på nærliggande bygg, i byggeplan skal det vurderast tilstand på bygg

før anleggsfase dersom sprenging i nærleiken. Berekning av vibrasjonsgrenser, evt. krav og grenseverdier vert utarbeida av geolog. Det skal nyttast vibrasjonsmålar under arbeid. Jf. Ytre miljøplan
Eigedom 131/ 60 er vurdert til at det ikkje er naudsynt med støytiltak , jf. planen sin støyrapport.

Nr. 14 Fikse Næringsforening

Brev 04.10.2019

Meiner planen opnar for ei minimumsløysing som må prioriterast raskt. Meinat vidare at det er kritisk viktig å gjere noko med infrastrukturen til og frå Skånevik og at gjennomføring av denne planen må prioriterast på topp.

Eit minstenivå er i følgje dei at vogntog kan møtast utan hinder. Dette betyr blant anna at ei innsnevring til ei køyrebane forbi Skånevikvegen 74 ikkje er akseptabelt og må unngåast.

Vestland fylkeskommune / Multiconsult sin kommentar:

Innspelet om prioritering og at utbygging må gjennomførast snarast må Næringsforeninga vinkle til vegeirar Vestland Fylkeskommune samt politikarar.

Det har vore svært viktig for Vestland fylkeskommune å behalde Skånevik sin identitet og å ta vare på bygningar og å gjere minst mogleg terrenginngrep. Vi vil prøve å unngå å rive bustadhus fordi den tradisjonelle kvite bygningsmassen inn mot Skånevik sentrum er ein viktig del av bygda sin kultur og identitet.

Innsnevringa forbi Skånevikvegen 74 er nøye vurdert i høve trafikktryggleik og er eit tiltak som inngår i forlenga planlagt miljøgate for Skånevik sentrum. Den er godkjent av fråviksgruppa og trafikktryggleiksrevisorar i Vestland fylkeskommune samt vegeirar Hordaland fylkeskommune. Her vert fartshumpar, 30 km/t, veglys, forbetra sikt og godt skilta, ei miljøgate med senka fart vil også bidra til lågare støy. Ei miljøgate skal vere preventiv mot fart, ta vare på omkringingjande bygningsmiljø samt ha god og trygg framkomst for mjuke trafikantar. I ei miljøgate skal det vera plass til «alle» og det skal ikkje leggjast til rette for at vogntog skal ha første prioritet og kunne auke fart for å nå ferja. Miljøgate skal bidra til å senke farten inn mot- og i sentrum. Vi håpar og trur at lokalbefolkning og sjåførar som køyrer her ofte lærer seg å tolke innsnevringa og berekne tid der etter.

Merknadshandsaming slutt.

Utdrag frå planomtalen:

11. Endringar i planforslaget etter offentleg ettersyn

Etter offentleg ettersyn, som vart gjennomført i perioden 04.07.2019 – 03.10.2019, er det gjort nokre endringar planforslaget. Under følgjer ein kort gjennomgang av desse.

I enden av planen i retning av Skånevik er det fjerna ein kantstopp for buss då det er busstopp like ved nærmare Skånevik.

Vidare er avkøyrse (f_SV2) til eigedom 131/110 ,124 bevart slik den er i dag etter ynskje få grunneigar. I plankartet er denne difor endra slik at den samsvarer med dagens situasjon.

Parkeringsplass (f_SPP) som var vist på sørenden av galleriet er i revidert planforslag flytta nord for galleriet. Gangveg (f_SGG) er tatt ut av planforslaget og tilkomst til eigedom 131/34, 91 vert sikra inn til parkeringsplassen og det kan etablerast trapp vidare.


I krysset mot Ytranen og Tjellflot er det i revidert planforslag satt av eit areal (BRE) som kan nyttast til etablering av renovasjonspunkt. Dette er innarbeida etter merknad frå Haugaland interkommunale renovasjonsselskap.

I føresegnene er det i revidert planforslag stilt rekkefølgekrav til støyreducerande tiltak før veganlegget vert teke i bruk.

I samsvar med merknad frå NVE er det gjennomført innleiande geotekniske undersøkingar for å undersøke om det er sprøbruddsmateriale eller kvikkleire i området. Omtale av dette er innarbeida i planskilddringa og ROS-analysen.


For å svare ut motsegna frå Fylkesmannen i Vestland er det gjort ei detaljert vurdering (616929-RIM-NOT-001, sjå vedlegg 4) av kva naturverdiar som vert råka av planforslaget. Det er innarbeida førsegnområde og omsynssone i plankartet med tilhøyrande føresegner.


Slutt på utdrag frå planomtalen





Endringar i det vestre plankartet sidan 1 gongs høyring. Det øvste er kartet som låg ute på høyring. Det nedste som er dagsett 28.02.2020 er eit revidert forslag som er laga etter høyringa.





Endringar i det midtre plankartet sidan 1 gongs høyring. Det øvste er kartet som låg ute på høyring. Det nedste som er dagsett 28.02.2020 er eit revidert forslag som er laga etter høyringa.

I dei andre plankarta er der ingen endringar etter høyringa. Alle plankarta er vedlagt.

Ei anna endring på plankarta som ikkje er omtala i oppsummeringa er at fyllingar og skjeringar no visast i plankarta. Dette var før berre vist i illustrasjonskarta.

Vurdering

Kommentar til merknad nr 6. Dette er ein av dei eigedomane som blir hardast råka av planforslaget. Eigendomen blir nesten halvert i størrelse og ein må rive ei løe. Eigarane er naturleg nok ikkje glade for dette og har ønska endringar. Forslagsstillar og fagkunnig har svart at det er vanskeleg å redde løa utan at det få uheldige konsekvensar for naboar eller vegens kurvatur. Administrasjonen støtter forslagsstillar sine kommentarar.

Kommentar til merknad nr 10 punkt 6. Denne eigendomen blir fullstendig sanert av desse planane. Grunneigar ønskjer at Etne kommune skal hjelpe til med å skaffe ein tilsvarande eigedom eller hytte. Dette er ikkje noko administrasjonen kan forskotere no før vedtak av plan. Det er uansett vanskeleg å love noko på noverande tidspunkt, så dette må vi kome tilbake.

Det kom motsegn mot planen frå statsforvaltaren i Vestland. Den gjekk på at planframlegget ikkje tok nok omsyn til nasjonalt viktig naturmangfald. Sakens kjerne dreier seg om styvingstre aust i planområdet, mest styva ask, både med og utan irsk hannelav (*Leptogium hibernicum*), som er rangert på raudlista som CR – kritisk trua. Irsk hannelav er i Noreg kun/berre funnet på styva ask. Styva tre er generelt sett på som eit viktig habitat for mange artar. Den austlege delen av planområdet har 556 styva tre og mellom 33 og 49 av dei vil gå tapt når planen skal realiserast. Statsforvaltaren ønska at dette skulle utgreiast nærmare.

Det blei utarbeidd ein detaljert fagrapport om naturmangfaldet og det blei gjort endringar i planforslaget. Administrasjonen sendte så ein søknad om trekking av motsegn. Statsforvaltaren var ennå ikkje heilt nøgd og hadde ei lita liste over ønska endringar som måtte leggjast inn i planforslaget før dei kunne trekke motsegna. Desse endringane er utførte og ein ny søknad om

trekking av motsegna blei levert inn til statsforvaltaren i Vestland like før påske. Statsforvaltaren har i brev dagset 09.04.2021 trekt motsegna mot planen. Dette brevet samt svaret til den første søknaden om trekking av motsegn er vedlagt.

Det er ein innsnevring av vegen ved bustadtomba til Sverre Idland sør i planområdet der ein ikkje ønskjer å rive verneverdige hus og der det ikkje er plass til tofelts veg pluss gang- og sykkelveg mellom husa. Dette er ikkje endra på sidan høyringa. Ein kan sjå på dette som ein siste del av ein framtidig miljøgate gjennom Skånevik. Ein ønskjer på sikt å lage ei miljøgate med lys og lik materialbruk. Sjå merknadshandsaminga, svar til merknad nr 14.

I dei vedlagte føresegna som er dagset 28.02.2020, så er endringar sidan høyringa markert med grønt. Dette dokumentet er med for å vise endringar som har skjedd sidan høyringa, men er ikkje siste utgåve. Dette dokumentet blei sendt saman med søknad om trekking av motsegn. I dei vedlagte føresegnene dagsett 29.03.2021 så er endringar ønskja av statsforvaltaren etter første søknad om trekking av motsegn markert med raud tekst. I den vedlagte planomtalen så er endringar markert med grønt og gult.

Det er ønskeleg å få denne planen inn i regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland fylkeskommune. Dette er naudsynt for å få finansiering til tiltaket.

Innkomne merknader er handsama, og planframlegget er justert i tråd med dei fleste merknadspunkta. Det kan no gjerast endeleg vedtak for detaljregulering for Fv548 Skånevik – Flesjo.

Vedlegg:

R01-A1-1 28.02.20_Plankart

R01-A1-2 28.02.20_Plankart

R01-A1-3 28.02.20_Plankart

Reguleringsføresegner rev 29-03-21

Reguleringsføresegner_28.02.2020 markerte_endringar

Planomtale_markerte_endringar

Søknad om trekking av motsegn mot Detaljregulering for Fv 548 Skånevik-Flesjo planid 201604

Etne kommune (L)(304989)

Etne kommune- Detaljregulering fv 48- Skånevik- Flesjo, spørsmål om trekking av motsegn (L)(314267)